



**FYLKESMANNEN**  
**I MØRE OG ROMSDAL**

Sykkylven kommune  
v/ rådmann May-Helen Molvær Grimstad  
Kyrkjevegen 62, 6230 Sykkylven

# ENDELEG TILSYNSRAPPORT

## Skulebasert vurdering

Sykkylven kommune – Sykkylven ungdomsskule

## **Innhald**

Samandrag .....	3
1. Innleiing.....	4
2. Om tilsynet med Sykkylven kommune, Sykkylven ungdomsskule.....	4
2.1 Fylkesmannen fører tilsyn med offentlege skular .....	4
2.2 Tema for tilsyn .....	4
2.3 Om gjennomføringa av tilsynet.....	5
2.3.1 Eigenvurderingsskjema og RefLex .....	5
2.4 Om Sykkylven ungdomsskule .....	5
3. Skulebasert vurdering .....	5
3.1 Rettsleg krav.....	5
3.2 Fylkesmannens undersøkingar og vurderingar .....	7
3.2.1 Dokumentasjonsgrunnlaget .....	7
3.2.2 Fylkesmannens vurderingar av skulen sin praksis satt opp mot rettslege krav ....	7
3.3 Fylkesmannens konklusjon .....	10
4. System for å vurdere og følgje opp at krava blir etterlevde.....	10
4.1 Tilsynet er ikkje utvida til å omfatte skuleeigaren sitt system .....	10
Vedlegg: Dokumentasjonsgrunnlaget .....	12

## **Samandrag**

### **Tema og formål**

Det overordna temaet for det felles nasjonale tilsynet for perioden 2014-2017 er skulens arbeid med elevane utbytte av opplæringa. Dette tilsynet består av deltemaet *skulebasert vurdering*.

Tilsynet skal bidra til at kommunen som skuleeigar sørger for at skulen ved skulebasert vurdering:

- vel tema basert på ei brei og samla vurdering av om elevane når måla i læreplanverket
- vurderer ulike endringar som bidreg til auka måloppnåing og følger opp desse
- sikrar ein brei medverknad i gjennomføringa

### **Gjennomføring**

Tilsynet med Sykkylven kommune vart opna gjennom skriftleg varsel 19.04.2017, og Fylkesmannen gjennomførte stadleg tilsyn ved Sykkylven ungdomsskule 15.06.2017.

### **Avdekte brot på regelverket**

Fylkesmannen har vurdert og kome fram til at skulens praksis er i samsvar med lovverket om skulebasert vurdering. Det er ikkje avdekt lovbrot.

### **Status på rapporten og vegen vidare**

Dette er ein endeleg tilsynsrapport. Tilsynet ved Sykkylven kommune er dermed avslutta.

## **1. Innleiing**

Fylkesmannen opna 19.04.2017 tilsyn med skulebasert vurdering i Sykkylven kommune. Undersøkingane har vore på skulenivå ved Sykkylven ungdomsskule.

Felles nasjonalt tilsyn 2014-17 handlar om skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa og består av tre område for tilsyn: Skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa, forvaltningskompetanse og skulebasert vurdering (som denne rapporten handlar om). Utdanningsdirektoratet har utarbeidd rettleiingsmateriell<sup>1</sup> knytt til tilsynet, og Fylkesmannen har gjennomført informasjons- og rettleiingssamlingar.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir etterlevde, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Kommunen er derfor adressat for denne tilsynsrapporten.

## **2. Om tilsynet med Sykkylven kommune, Sykkylven ungdomsskule**

### **2.1 Fylkesmannen fører tilsyn med offentlege skular**

Fylkesmannen fører tilsyn med offentlege skular, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd. Fylkesmannens tilsyn på opplæringsområdet er tilsyn med det lovpålagde, jf. kommunelova § 60 b. Fylkesmannens tilsyn med offentlege skular er utøving av myndigheit og skjer i samsvar med reglane for dette i forvaltningsretten.

I dei tilfella der Fylkesmannen konkluderer med at eit rettsleg krav ikkje er oppfylt, blir dette sett på som brot på regelverket, uavhengig av om det er opplæringslova eller forskrifter fastsett i medhald av denne lova som er brotne.

### **2.2 Tema for tilsyn**

Temaet for tilsynet er skulebasert vurdering. Skulebasert vurdering er skulens jamlege vurdering av i kva grad eiga verksemd medverkar til å nå måla i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Vurdering av eiga verksemd inneber at skulen skal vurdere organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa.

I tilsynet vurderer vi om Sykkylven ungdomsskule gjennomfører skulebasert vurdering i samsvar med føresetnaden.

Elevvurdering, skulebasert vurdering og nasjonal vurdering skal ein sjå i samanheng. Dei ulike formene for vurdering skal samla sett utfylle kvarandre og medverke til at den enkelte eleven blir motivert til å ta i bruk sine evner og anlegg, og at dei nasjonale måla for opplæringa styrer arbeidet i skulen (Stortingsmelding 47 1995-1996). Det overordna formålet med tilsynet er at skulebasert vurdering på denne måten medverkar til at elevane får eit godt utbytte av opplæringa.

Tilsynet skal medverke til at kommunen som skuleeigar syter for at skulen ved skulebasert vurdering

- vel tema basert på ei brei og samla vurdering av om elevane når måla i læreplanverket

---

<sup>1</sup> <http://www.udir.no/Regelverk/regelverk/tilsyn/>

- vurderer ulike endringar som kan bidra til auka måloppnåing og følgjer opp desse
- sikrar ein brei medverknad i gjennomføringa
- gjennomfører vurderinga jamleg

Manglande eller mangelfull gjennomføring av skulebasert vurdering kan føre til at skulen ikkje forbetrar si organisering, tilrettelegging eller gjennomføring av opplæringa for å auke elevane si måloppnåing. Elevane får dermed ikkje det utbyttet av opplæringa som dei elles kunne fått.

## **2.3 Om gjennomføringa av tilsynet**

Tilsyn med Sykkylven kommune vart opna gjennom brev datert 19.04.2017. Fylkesmannen har kravd at kommunen legg fram dokumentasjon med heimel i kommunelova § 60 c.

Fylkesmannens vurderingar og konklusjonar er baserte på stadleg intervju og skriftleg dokumentasjon, sjå vedlegg.

### **2.3.1 Eigenvurderingsskjema og RefLex**

Dette tilsynet nyttar eigenvurderingsskjema for å hente inn informasjon. Det berande omsynet i eigenevalueringa er kompetanseheving og igangsetting av prosessar på skulenivå og hos skuleeigar i Sykkylven kommune.

Kommunen blei oppmoda til å bruke RefLex ved innsending av eigenvurderingsskjema og dokumentasjon. RefLex er eit nettbasert verktøy som vil hjelpe skular og skuleeigarar å vurdere om eigen praksis er i samsvar med regelverket. Ved å bruke rettleiingsmateriell og RefLex kan ein få informasjon om regelverket, vurdere eigen praksis og sette i gang tiltak for å endre praksis også på andre områder enn skulebasert vurdering. Ei gruppe lærarar, teamleiarar, rektor og assisterande rektor, samt skulefagleg rådgivar har svart i eigenvurderinga i RefLex og deltok på intervju tilsynsdagen.

## **2.4 Om Sykkylven ungdomsskule**

Sykkylven ungdomsskule hadde om lag 318 elevar skuleåret 2016/17. Skulen er den einaste ungdomsskulen i kommunen. Leiinga ved skulen består av rektor og assisterande rektor. Kvart trinn har ein eigen trinnleiar. I tillegg til leiinga, utgjer desse skulens plangruppe.

Sykkylven ungdomsskule har mellom anna hatt vurdering for læring (VFL) som satsingsområde i fleire år. Skulen er med i satsinga Ungdomstrinn i utvikling og har utvikla eit godt samarbeid med ein ungdomsskule i ein nærliggande kommune.

## **3. Skulebasert vurdering**

### **3.1 Rettsleg krav**

Nedanfor har vi ført opp og utdjupa dei rettslege krava for tilsynet med skulebasert vurdering. Alle dei rettslege krava byggjer på forskrift til opplæringslova § 2-1.

*Skulen skal velje tema for den skulebaserte vurderinga basert på ei brei og samla vurdering av om elevane når måla i læreplanverket (LK06).*

Skulen skal jamleg vurdere i kva grad organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa bidreg til å nå måla i Læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK06), jf. forskrift til opplæringslova § 2-1. I vurderinga må derfor skulen samanhalde resultatet av opplæringa med dei mål og prinsipp som er formulerte i læreplanverket. Denne vurderinga skal alltid, direkte eller indirekte, sikte mot å fremje utviklinga og utbyttet av læringa hos elevane.

Som første del av å gjennomføre ei skulebasert vurdering må skulen etablere eit kunnskapsgrunnlag som reflekterer breidda av mål i læreplanverket. Kunnskapsgrunnlaget må byggje på kjelder som gir resultat frå faglege mål, og frå mål som omfattar trivsel og utvikling hos elevane på andre område enn dei faglege. I tillegg til eigne kjelder har skulane tilgang til fleire nasjonale kjelder i Skuleporten, for eksempel Elevundersøkinga.

Når skulen har fått eit breitt kunnskapsgrunnlag, må dei bruke dette til å gjere ei samla vurdering av i kva grad elevane når måla for opplæringa på ulike område. Dette skal gi skulen eit grunnlag til å reflektere og analysere heilskapleg i kor stor grad skulens elevar har nådd måla i læreplanverket.

Basert på denne refleksjonen må skulen velje tema for den skulebaserte vurderinga. Skulen skal sjå på område der skulen vurderer at endringar i skulens organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa kan fremje utvikling og utbytte av opplæringa hos elevane. Det vil seie endringar som kan auke elevane si måloppnåing. Val av tema må over tid ta vare på breidda av mål for opplæringa.

*Skulen skal vurdere om endringar i organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa kan bidra til auka måloppnåing hos elevane i det valde temaet.*

Den skulebaserte vurderinga skal identifisere kva for endringar som best kan auke måloppnåinga for elevane innanfor det skulen har valt å sjå på i vurderinga. Måloppnåinga siktar her til alle måla i læreplanverket som inngår i det valde temaet, og ikkje berre faglege mål.

I kravet ligg det at skulen må vurdere endringar innanfor ulike rammevilkår for opplæringa, og i utgangspunktet ikkje berre velje å sjå på éin type tiltak. Endringar skulen kan vurdere, er nye tiltak som f.eks. oppstart av eit utviklingsarbeid. Skulen kan òg vurdere om vidareføring av det som skulen allereie gjer, er det beste. Skulen må vurdere endringane for skulen som heilskap på systemnivå, sjølv om eventuelt konsekvensane av endringane i nokre tilfelle primært vil vise seg for enkelte klassar eller for enkelte fag.

*Skulen skal følgje opp dei endringane som dei eventuelt kom fram til i den skulebaserte vurderinga.*

Føremålet med den skulebaserte vurderinga er å syte for at skulen lærer og utviklar seg slik at elevane i enda større grad kan nå breidda av mål i læreplanverket. Når skulen gjennom vurderinga avdekkjer forbetningsområde, må skulen derfor følgje opp dette vidare. Endringane kan både vere at skulen set i verk nye enkelttiltak, eller at dei startar eit utviklingsarbeid. Skulen kan òg komme fram til at dei berre vil oppretthalde og eventuelt forsterke det dei allereie gjer. I nokre tilfelle kan foreslåtte endringar eller tiltak vere slik at det er nødvendig med ein dialog med skuleeigaren før tiltaka eventuelt blir sette i verk.

*Skulen skal ha ein brei og representativ medverknad i arbeidet med skulebasert vurdering.*

I ordet «skulebasert» ligg det at vurderinga må involvere alle berørte partar på skulen i både analysen og i arbeidet med endringar og tiltak på bakgrunn av analysen. Gjennom vurderinga blir personalet bevisstgjort på samanhengen mellom korleis opplæringa blir gjennomført, og i kva grad elevane når måla. Lærarane vil også vere sentrale i å gjennomføre dei fleste endringstiltaka. Å involvere lærarane er derfor viktig for at eventuelle tiltak skal lykkast. Skulen vurderer elles kven som skal delta ut frå tema som blir omhandla. Å involvere elevane vil vere aktuelt i mange tema.

*Skulen skal gjennomføre skulebasert vurdering jamleg.*

Den skulebaserte vurderinga må utførast i samsvar med føresetnaden, jf. dei føregåande krava til gjennomføringa av vurderinga. Skulen må gjennomføre slik skulebasert vurdering jamleg, jf. forskrift til opplæringslova § 2-1. I utgangspunktet bør vurderinga gjennomførast årleg, men det må brukast skjønns der tidsbruk blir vurdert opp mot det forsvarlege.

## **3.2 Fylkesmannens undersøkingar og vurderingar**

### **3.2.1 Dokumentasjonsgrunnlaget**

Relevant dokumentasjon Fylkesmannen har mottatt og som kan belyse om kommunen og skulen oppfyller dei rettslege krava, vil vere følgande:

- Eigenvurderingsskjema fylt ut av dei tre teamleiarane, utvalde lærarar på 8., 9. og 10. trinn, rektor og skuleeigar
- Rammeplan ungdomsskulen i utvikling for skuleåra 2016/2017 og 2017/2018
- Kvalitets- og utviklingsmelding for grunnskulen i Sykkylven 2017
- Skjema for medarbeidersamtale
- Møteplan for fagseksjon/team og personalmøte 2017
- Døme referat frå plangruppemøte
- Døme sakliste frå planleggingsdag plangruppe
- Intervju med skuleleiinga, teamleiarane og utvalde lærarar

### **3.2.2 Fylkesmannens vurderingar av skulen sin praksis satt opp mot rettslege krav**

*Skulen skal velje tema i den skulebaserte vurderinga basert på ei brei og samla vurdering av om elevane når måla i læreplanverket (LK06)*

I eigenvurderingane har alle svart ja på dette spørsmålet. Det blir vist til at kunnskapsgrunnlaget omfattar:

- nasjonale prøvar
- eksamensresultat
- standpunktkarakterar
- Elevundersøkinga
- kartleggaren for elevar på 8.trinn
- medarbeidarundersøkinga
- observasjonar gjort av leiinga og tilsette
- I nokre høve tilbakemeldingar frå elevar

Rektor gjer greie for at skulen samanliknar resultatane sine med resultatane frå tidlegare år, med resultat på fylkesnivå og nasjonalt nivå der det er mogleg. Ting som kjem fram i

den årlege medarbeidarsamtalen, samt erfaringar og observasjonar lærarane gjer seg undervegs i skuleåret, er også med i skulens vurdering av om det er behov å gjere endringar for å auke elevanes utbytte av opplæringa.

Gjennom intervju får Fylkesmannen bekrefte frå teamleiarane og lærargruppa at grunnlaget for val av satsingsområda mellom anna har vore undervegsvurdering, lærarane sine faglege vurderingar, samanlikning av eksamen og standpunktkarakterar og resultat på nasjonale prøvar.

Ut frå kjeldene som er nemnt ovanfor, vurderer skulen om elevanes læringsutbytte er tilfredsstillande, eller om ein må sette inn ulike tiltak i høve å auke dette. Skulen har dei siste åra jobba med utviklingsområde som vurdering for læring, klasseleiing, fokus på auka læringsutbytte i matematikk, lesing i alle fag, ungdomstrinn i utvikling og skulebasert kompetanseutvikling.

Fylkesmannen vurderer at skulens praksis er i samsvar med lovkrava på dette området.

### ***Skulen skal vurderer om endringar i organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa kan bidra til auka måloppnåing hos elevane i det valde temaet***

I eigenvurderingane og anna dokumentasjon kjem det fram at lærarane samarbeider når dei vurderer elevarbeid og eleven si måloppnåing i høve måla i læreplanen. Det blir også diskutert i fagseksjonar kva vurderingsform som fungerer best.

Kommunen har eit felles satsingsområde inneverande skuleår - lesing i alle fag. Skulen har difor jobba med, og endra, dei ulike fasane i lesing i før-, under-, og etterlesingsfasen. Målet er å auka elevane si måloppnåing.

Vurdering for læring har over fleire år vore satsingsområde på skulen. Årsaka til dette var at elevane ikkje hadde tilfredsstillande resultat på nasjonale prøvar og eksamen. Skulen avdekte også at vurderingspraksisen ikkje var i tråd med føringane i vurderingsforskrifta.

Utilfredsstillande resultat over fleire år på eksamen i matematikk, førte til at skulen sett inn tiltak for å betre måloppnåinga til elevane. I tillegg til å betre vurderingspraksisen, vart timetalet i faget på 9. trinn auka, nytt læreverk vart vurdert og kjøpt inn og anna læremiddel og varierte arbeidsmetodar vart i større grad nytta.

Handlingsplanen for ungdomsskulen for 2015-18 viser også at skulen satsar på utviklingsområde som klasseleiing, vurdering for læring og fagleg utvikling.

Gjennom intervju fekk vi bekrefte det som sto i dokumentasjonen. Vi fekk inntrykk av at det var ei kollektiv forståing ved skulen av at fokus på utviklingsområde over tid gir forbetringar i form av auka læringsutbytte for elevane.

Fylkesmannen vurderer at skulen oppfyller lovkrava på dette området.

### ***Skulen skal følge opp dei endringane som dei eventuelt kom fram til i den skulebaserte vurderinga***

Rektor, lærargruppa og teamleiarane har alle svart positivt på dette spørsmålet i eigenvurderinga. Det blir vist til at skulen har jobba med klasseleiing som utviklingsområde tidlegare. Det vart då laga eit hefte om klasseleiing. Etter ei evaluering

har skulen sett at det i for stor grad har vorte eit hefte om «køyrereglar». Dette var ikkje i trå med det skulen ønska å få ut av utviklingsarbeidet. Etter denne vurderinga valte skulen å jobbe vidare med område som relasjonsleiing og læringsklimaet i klassane.

Som nemnt tidlegare, har skulen sine tiltak for å auka elevanes måloppnåing i matematikk vore vellukka. Eksamensresultata i matematikk har betra seg.

Elevundersøkinga frå hausten 2016 viste at eit potensielt utviklingsområde for skulen er å i større grad legge til rette for elevmedverknad i undervegsvurderinga. Dette er i følgje rektor noko skulen vil ta tak i framover.

Fylkesmannen vurderer at skulens praksis er i samsvar med lovkrava på dette området.

### ***Skulen skal ha ei brei og representativ medverknad i arbeidet med skulebasert vurdering***

Alle har svart bekreftande på spørsmålet om dette i eigenvurderinga. Det blir vist til at skulens plangruppe styrer arbeidet med skulebasert vurdering når det gjeld analyse og tiltak som skal settast inn. Som tidlegare nemnt, deltek teamleiarane i plangruppa saman med rektor og assisterande rektor. Teamleiarane drøfter og analyserer resultat frå til dømes Elevundersøkinga, kartleggingsprøvar og nasjonale prøvar med lærarane på trinnivå. Teamleiarane tek med innspel frå lærarane vidare til plangruppa. Det er leiinga ved skulen som til slutt avgjer kva for tiltak som skal settast i verk.

Skulen har jobba med organisasjonsutvikling. Til dømes blir det vist til ein betring av møtekulturen. Fellesmøta har gått frå å vere informasjonsmøte styrt av skuleleiinga til å vere møte der lærarane i større grad blir inkludert og ansvarleggjort. Dette gjer ein mellom anna ved å bruke IGP-metoden (individuellt, gruppe, plenum). Det har vorte eit større fokus på å utvikle ein kollektiv praksis ved skulen, noko som igjen kan ha positiv innverknad på elevane si måloppnåing.

Når det gjeld medverknad av elevar og foreldre i den skulebaserte vurderinga, fortel rektor at skulen har eit velfungerande elevråd. Elevrådet har faste møte og det blir følgt opp av ein lærar. Tillitsvalde får innspel frå klassane sine og tek dei med til elevrådet.

I intervju med elevar i elevrådet får vi inntrykk av at dei i høg grad blir høyrte av skulen og får kome med innspel når det gjeld tiltak knytt til skulemiljøet, som t.d. ulike trivselstiltak og klassesetningar. Elevane fortel at dei ikkje får vite om resultatata på undersøkingar som t.d. Elevundersøkinga. Det gjer at dei i liten grad opplever å bli involvert i vurderingar som omhandlar organisering, tilrettelegging og gjennomføring av den faglege opplæringa på skulen.

I tilsynet kjem det fram at både skuleleiinga og lærarane har sett at skulen i større grad må involvere elevane i skulebasert vurdering. Sjølv om det ikkje står direkte i lov eller forskrift, skal skulen leggje til rette for elevmedverknad når det gjeld å vurdere organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av eigen opplæring. Fylkesmannen meiner at skulen i større grad kan leggje til rette for elevmedverknad i vidare arbeid. Vi viser til at Kunnskapsdepartementet har fastsett ei endring i forskrift til opplæringslova § 2-1, gjeldande frå og med 17.08.2017. Det er teke inn i bestemminga at elevane skal vere ein del av vurderinga skulen skal gjere av organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av eigen opplæring. Vi ser ikkje at skulens praksis på tidpunktet tilsynet

vart gjennomført var i strid med lovverket som galdt då, men at dette er eit vekstpunkt for skulen i vidare arbeid, slik at praksis vert i tråd med gjeldande lovverk.

Fylkesmannen vurderer at skulens praksis er i samsvar med lovkrava som var gjeldande då tilsynet vart gjennomført.

### ***Skulen skal gjennomføre skulebasert vurdering jamleg***

Det kjem fram av både innsendt dokumentasjon og i intervju at skulen kvart år drøftar og vurderer tiltak og organisering av skulekvardagen ut frå resultata på t.d. Elevundersøkinga, kartleggingsprøvar, nasjonale prøvar, tentamen og eksamen. Anna kvart år gjennomfører kommunen eiga medarbeidarundersøking. I oppfølginga av denne vart bedriftshelsetenesta som rådgjevar i arbeidet. Det førte til konkrete endringar på skulen.

Rektor seier i intervju at ein heile tida må følgje opp resultat frå ulike undersøkingar. Dette er eit kontinuerleg arbeid ved skulen.

Fylkesmannen vurderer at skulens praksis er i samsvar med lovkrava på dette området

## **3.3 Fylkesmannens konklusjon**

Sykkylven kommune – Sykkylven ungdomsskule, har oppfylt alle krava i regelverket når det gjeld skulebasert vurdering, jf. forskrift til opplæringslova § 2-1. Denne rapporten er derfor å rekne som endeleg tilsynsrapport. Tilsynet er dermed avslutta.

## **4. System for å vurdere og følgje opp at krava blir etterlevde**

### **4.1 Tilsynet er ikkje utvida til å omfatte skuleeigaren sitt system**

Vi har vurdert å utvide tilsynet til å omfatte om skuleeigaren har eit forsvarleg system for å vurdere og følgje opp om krava i regelverket er oppfylte, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd. Dette gjekk fram av varselbrevet vårt.

Til å vurdere dette har vi lagt til grunn eigenvurdering frå skuleeigar og frå rektor ved Sykkylven ungdomsskule, intervju med rektor og skulefagleg rådgivar og anna relevant dokumentasjon og funn i tilsynet. Etter ei samla vurdering, finn vi at det ikkje er grunnlag for å utvide tilsynet til å omfatte skuleeigars forsvarlege system.

Dokumentasjonen viser at skuleadministrasjonen i kommunen har månadlege møte med rektorane. Tema i møta er lagt opp ut frå eit årshjul, og årshjulet har forankring i § 13-10. Eventuelle endringar i lover og forskrifter vert drøfta og felles rutinar og praksis utarbeidd i fellesskap.

Pedagogiske satsingar og resultat på ulike kartleggingar og undersøkingar er også tema på desse møta. Om det er skular som skil seg ut over tid, vert det teke opp til drøfting og behov for tiltak vert vurdert. Skulefagleg rådgivar presiserer i intervju at det i desse møta kjem fram at skulane driv med skulebasert vurdering, og at ein ville oppdage om ein skule ikkje gjer det.

Det vert årleg utarbeidd ei kvalitets- og utviklingsmelding (tilstandsrapport), der analyse av resultat frå eit breitt spekter av variablar vert presentert og tatt opp i politiske utval.

Kommunen abonnerer på «veilederen.no», som er ei juridisk rettleiingsteneste som alle tilsette har tilgang til. Rektorane tek også direkte kontakt med skulefagleg rådgivar/kommunalsjef ved behov for drøftingar omkring praksis i høve gjeldande lovverk.

Skuleeigar gjer greie for at kommunen ikkje har ei felles utviklingsplan for skulane, men at dei jobbar med å få det. Fylkesmannen ser at ei slik plan kan synleggjere felles oppgåver, planar og krav for utvikling av skulane i kommunen.

Fylkesmannen understrekar at informasjonen vi har ikkje er eit godt nok grunnlag til å vurdere om skuleeigaren sitt system oppfyller alle krava i regelverket. Vi kan derfor på eit seinare tidspunkt gjennomføre tilsyn med om skuleeigaren har eit forsvarleg system, både innanfor temaet i dette tilsynet og på andre område. Dette kan bli aktuelt dersom vi får nye opplysningar frå andre kjelder eller gjennom andre tilsyn.

Molde 29.08.2017

Jorunn Øen Nesje, rådgivar

Kristin Øksenvåg, tilsynsleiar

## **Vedlegg: Dokumentasjonsgrunnlaget**

Følgjande dokument inngår i dokumentasjonsgrunnlaget for tilsynet:

- Eigenvurderingsskjema fylt ut av dei tre teamleiarane, utvalde lærarar på 8., 9. og 10. trinn, rektor og skuleeigar
- Rammeplan ungdomsskulen i utvikling for skuleåra 2016/2017 og 2017/2018
- Kvalitets- og utviklingsmelding for grunnskulen i Sykkylven 2017
- Handlingsplan for Sykkylven ungdomsskule 2015-2018
- Skjema for medarbeidarsamtale
- Møteplan for fagseksjon/team og personalmøte 2017
- Døme referat frå plangruppemøte
- Døme saksliste frå planleggingsdag plangruppe
- Kartlegging av kompetanse- mal
- Kartlegging av kompetanse- resultat
- Tema- og framdriftsplan i VFL/UIU
- Program for kick-start UIU og framdriftsplan
- Døme program for dialogseminar UIU, drøftingsoppgåve
- Døme program for dialogseminar UIU, førebuingssoppgåve
- Opplegg for satsingsområde klasseleiing 2011/2012
- Klasseleiing på Sykkylven ungdomsskule- utarbeidd hefte etter satsingsområde

Det vart gjennomført stadleg tilsyn 15.06.2017.

Det var intervju med:

- utvalde lærarar på 8.,9. og 10. trinn
- 3 teamleiarar
- Rektor og assisterande rektor
- Skulefagleg rådgivar
- Elevrådsrepresentantar